



## Notat

**Frå:** Fylkesrådmannen

**Til:** Fylkesutvalet, 4. juni 2014

Hovudutval for plan og næring, 25. juni 2014

### Korrigering av føremålet til Botnaneset Industriselskap AS

Jf. notat om petroleumssektoren, FU-sak 76/14, vedlegg 1, under «Skriv og meldingar» til FU-møtet 4.juni 2014. Notatet vart også førelagt HPN 27.mai 2014.

Notatet omhandlar fylkeskommunen sitt engasjement innan petroleumssektoren vart også presentert for Hovudutval for plan og næring 27.mai.

Det viser seg at notatet ikkje er heilt oppdatert når det gjeld føremålet til Botnaneset Industriselskap AS. Her følgjer difor ei korrigering av føremålet slik det er formulert i opphavleg notat.

#### Opphavleg føremål

Føremålet i opphavleg notat er henta frå siste eigarmelding, der dette er formulert slik:

«Selskapet sitt føremål er å leggje til rette for næringslivet i Flora-regionen, ved t.d. å skaffe, leggje til rette og selje, eventuelt leige tomter til næringsføremål. Spesielt ved å legge høva til rette for ei vidareutvikling av den olje- og gassretta verksemda i regionen, bl.a. ved deltaking i høyringsrundar og politiske prosessar. Selskapet kan også oppføre, skaffe og selje bygningar, anlegg og utstyr.»

#### Gjeldande føremål

Det viser seg no at føremålsparagrafen til selskapet vart endra 31. mai 2012. Gjeldande føremål til selskapet er:

«Å legge til rette for næringslivet på sunt økonomisk grunnlag i regionen og spesielt bidra til å legge forholdene til rette for en vidareutvikling av den olje- og gassrettede virksomheten i regionen, blant annet gjennom deltaking i høyringsrunder og politiske prosessar. Dessuten kan selskapet være med i andre selskap med lignende formål.»

Dette til orientering.

